

Dato: 06.03.2017

Arkiv: 217

Kontrollutvalet i Ørsta

SAK 08/17 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan PPT.
2. Kontrollutvalet vedtek prosjektplan for forvaltningsprosjektet **Tidleg innsats PPT**, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 25.01.2017.

Vedlegg

Prosjektplan – **Tidleg innsats PPT**. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 25.01.2017.

Saksutgreiing

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019 i K-sak 105/16, med følgjande prosjektområde for forvaltningsrevisjon i planperioden:

- Barnehage/skule - PPT – tidleg innsats
- Barneverntenesta
- Teknisk – forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt)
- Pleie og omsorg – kvalitet og tenestetilbod
- Innkjøp og anbudsprosess – sal av eigedom.
- Avvikshandtering
- KOSTRA

Kontrollutvalet har fått fullmakt frå kommunestyret til å prioritere og spesifisere prosjekt, samt eventuelt leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har gitt tilbakemelding om at dei ser eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan PPT som aktuelt i Ørsta kommune.

Av prosjektområda for forvaltningsrevisjon i komande planperiode, var det stor oppslutning for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innanfor PPT, og då knytt til PPT og tidleg innsats. Det var generelt stor oppslutning for dette prosjektområdet i alle dei sju kommunane på Søre Sunnmøre, og dette gir høve til ein felles gjennomgang.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon har difor utarbeida ein prosjektplan for eit eventuelt forvaltningsrevisjonsprosjekt Tidleg innsats PPT, der spissing av målsetting og problemstilling er skissert. Her peikar revisor på at ein får høve til ei samanlikning med dei andre kommunane sin praksis når fleire kommunar går for forvaltningsrevisjon innan same prosjektområde. Viser elles til Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sin prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt Tidleg innsats PPT, som ligg ved.


Jostein Støylen
Dagleg leiar


Signe Aa. Torbjørnson
Konsulent

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	År: 2017	Arkiv:
Oppdrag: Kontrollutvalet i Ørsta kommune	Utarbeidet dato/sign.: 25.01.17 AMG	Gjennomgått dato/sign.:
PROSJEKTPLAN – Tidleg innsats PPT Ørsta kommune		

Innleiing:

Kontrollutvalet vedtok plan for forvaltningsrevisjon i sak (36/16). Av dei utvalde prosjekta for komande periode var det stor oppslutning i alle dei sju kommunane på Søre Sunnmøre for eit prosjekt knytt til tidlig innsats- PPT. Felles gjennomgang på dette emnet gir godt grunnlag for å samanlikne dei ulike kommunane sin praksis opp i mot kvarandre.

Målsetting:

Målsettinga for prosjektet vil vere å vurdere om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med hensyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Konkrete mål for prosjektet vil vere:

-Undersøke og vurdere korleis born med behov for spesialpedagogisk hjelp vert fanga opp mht tidleg innsats.

-Vurdere om kommunen har godt samarbeid mellom barnehage, skule og PPT mht. overgangen mellom barnehage og skule, og oppfølging av borna

-Vurdere sakshandsamingstida til PPT i kommunen.

Avgrensing:

Gjennomgangen vil gjelde Prosessane kring barnehage og skulestart. Problemstilling(ar):

1. Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

I tillegg vil ein utarbeide ei deskriptiv analyse med samanlikning av nabokommunar basert på KOSTRA.

Metode:

I vår revisjon vil vi basere oss på intervju med PP-tenesta. Det vil også vere relevant med spørjeundersøking knytt til styrarar/rektorar ved kommunen sine barnehagar (både kommunale og private) og skular. Ein vil også basere revisjonen på dokumentanalyse knytt til relevante skriftlege rutinar, KOSTRA-rapportering, osv.

Revisjonskriterium:

Sentrale retningslinjer/lovverk i samband med prosjektet vil vere:

- Forvaltningslova
- Barnehagelova
- Opplæringslova
- Rettleiar (Utdanningsdirektoratet- overgang mellom barnehage og skule)

Ressursbehov:

Prosjektet vil i hovudsak bli utført av Alf Marius Grønnevik som prosjektansvarleg, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Prosjektet er forventa å ha ei tidsramme på ca 150-200 timar. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data i høve til revisjonskriterium, utarbeiding og kvalitetssikring av rapport og presentasjon i kontrollutvalet.

Endringar:

Revisjonsplanen kan bli endra dersom arbeidet med prosjektet skulle nødvendigjere dette

Ulsteinvik 25.01.2017

Alf Marius Grønnevik

-Forvaltningsrevisor-